

Norges Vassdrags- og Energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1912 - 14/18334

Saksbehandlar:

Christian H. Reinshol

Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:

14.08.2014

## Klage på vedtak - Etablering av massedeponi i Mjåsundet, BKK 420 kV kraftledning Mongstad-Kollsnes

Me viser til vedtak knytt til etablering av massedeponi i Mjåsundet i samband med etablering av 420 kV kraftlina mellom Mongstad og Kollsnes og elles korrespondanse i saka.

Lindås kommune vil med dette klage på konsesjonsvedtaket datert 11.07.2014 som gjer løyve til etablering av massedeponi ved landfallet i Mjåsundet i Lindås kommune. Grunnlaget for klaga er mellom anna at kommunen mellom anna meiner at dei aktuelle massane må kunne nyttast til andre føremål i området, til dømes etablering av flystripe. Kommunen meiner at alternativ plassering av massane ikkje er godt nok utgreidd og at plassering av masser i deponi kun må vere ein siste utveg dersom ein ikkje finn alternative løysingar for plassering. Omsynet til strandsona og kommunen sitt arbeid med massehandtering i området er andre argument for at ein ikkje ynskjer massedeponiet i området.

Denne klagen er framsett av administrasjonen og kommunen vil kome tilbake med meir grunngjeving for klagen i samband med at me vil presentere saka for politisk utval (plan- og miljøutvalet) den 3. september. Avhengig av utfallet i det politiske utvalet vil me så fall sende over ytterlegare grunngjeving eller trekke klaga innan fristen 5. september.

Med helsing

Christian H. Reinshol  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Kopi til:**  
Tanja Midtsian

Postb 5091  
Majorstuen

0301

OSLO

**Mottakarar:**

Norges Vassdrags- og  
Energidirektorat

Postboks 5091  
Majorstua

0301

OSLO